



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1. mai 2025 - finans

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Bakgrunn for saka:

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Konsesjonskraftinntektene i år vil, slik det ser ut nå, bli noko høgare enn budsjettera. Dette skuldast at det har blitt feilrapportert forbruk i nokre år, noko som har gjeve oss mindre inntekter enn vi skulle ha hatt. Totalt dreiar dette seg om kr 750 000,- for åra 2016 – 2023.

Det har vore mange og store saker til næringsfondet i år så budsjettet på to millionar er allereie bruka opp i år. Det er også varsla fleire saker utover året og ein bør vurdere om ein skal løyve meir midlar til næringsfondet i år. Her kan ein nytte ekstraintektene frå konsesjonskraft.

I vedtatt statsbudsjett for 2025 vart rammeoverføringane til kommunane auka med midlar til bemanning i SFO og barnehage. For Fyresdal sin del vart det ein auke på kr 250 000,-. Desse midlane bør ein justere for med å auke ramma til sektor kultur og oppvekst.

Skatteinntektene ligg også litt over budsjett så langt i år men her bør ein avvente med justering av budsjett til seinare i året då det framleis er usikkert på kva som blir årsresultatet.

Eigedomsskatt viser ekstraintekter på årsbasis med om lag kr 700 000,-, som hovudsakleg kjem frå eigedomsskatt på kraftverk. Her kan det kome endringar i løpet av året så ein bør også her vente med justering til seinare.

Renter og avdrag ligg i tråd med budsjett, det har ikkje vore vesentlege endringar på rentenivået i løpet av denne perioden.

Konklusjon:

Innan finansområdet ligg det noko ekstraintekter utover budsjetttramma i denne perioden som gjeld kraftinntekter. Desse midlane brukast til næring eller investeringar. Det har vore stor bruk av næringsfondet i perioden og dette treng påfyll slik at ein har moglegheit til å støtte næringslivet med midlar også utover hausten.

Endringar i statsbudsjettet, med meir overføringar til bemanning i barnehage og sfo, bør justerast for i ramma til sektor kultur og oppvekst.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 1. mai til vitande og føretek fylgjande justerinar:

- Auke i konsesjonskraftinntekter med kr 750 000,- overførast til næringsfondet som tilleggsløyving i 2025.
- Auke i rammetilskot med kr 250 000 overførast sektor kultur og oppvekst for styring av bemanning i barnehage og sfo i tråd med føringane i statsbudsjettet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef